

SOGNDAL

kyrkjelydsblad



Nr. 2 | juni 2025 | 53. årgang



God sommar!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:

Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087 eller til Vipps-nr 594582. Merk: «Blad-pengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkjja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i slutten av september.
Stoff kan sendast til
post.sogndal@kyrkja.no innan 22. august.

Foto på framsida:

Stort bilet: Kaupanger stavkyrkje ferdig tjørebreidd. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Lite bilet venstre: Førulskos i Fjærland kyrkje. Foto: Grete Mundal / Jan Tore Solberg

Lite bilet høgre: Onsdag 27. august vert det kyrkjelydstur over Stalheim og Vikafjellet. Utsikt ned mot Vikøyri. Foto: Store Norske Leksikon / Multerland

ANDAKT: *Medan me er stille*

No er det sommar – alt i naturen viser det. Me kjerner det på høgare temperatur og på fargane i naturen som lyser mot oss frå alle kantar - og det gjer godt! Men eg trur òg at det kan vekke ei lengt i oss, ei lengt etter eitt eller anna som me saknar i livet vårt. Det kan vere gode opplevingar, tilhøyrigheit eller det å få kople av og gjere noko anna. Noko av det eg lengtar mest etter er å få kvile inn i noko som er godt.

Eg tykkjer forfattaren Gro Dahle set ord på det i diktet «En av disse første sommerdagene». Eg tek det med, tross målforma.

*Hvis det er varmt,
vil jeg gjerne ta deg med
ned til sjøen
og vasste med deg, sier gåsa til svanen.
Da kan vi snakke til vi glemmer oss
helt bort
og kanskje til og med bade.
Da kan ordene våre glitre sammen,
og etterpå kan de tørke i sola,
mens vi er helt stille.*

Les det gjerne fleire gonger og ta deg tid til å kjenne etter om det er noko som treff. For meg er det setninga; «mens vi er helt stille...».

Kva kan skje inni oss når det vert stille rundt oss, når både kropp og hjerne vert roleg? Det er ikkje så ofte det skjer i våre travlege liv, men me kan oppleve det i korte augneblikk – og eg trur me må legge til rette for det. Slik som på eit svaberg eller ved å trekke oss tilbake til ein stad der me kan finne ro. Og kanskje også tillate oss å vere litt åleine?

Jesus var oppteken av dette. Alle dei fire evangelia fortel om at Jesus

trekte seg tilbake for å vere åleine, for å kvile og for å be.

Men det er ikkje alltid det er godt å vere åleine og å vere stille – det kan opne for mange vanskelege tankar som eit travelt liv elles held på avstand.

Jesus veit kva det vil seie å vere menneske som lever midt i livet, med alt det det inneber for den enkelte. Han veit at det å vere menneske kan vere utfordrande. Og akkurat difor inviterer Jesus oss til å komme til han, alle me som har litt for mange tankar i hovudet, litt for mykje uro i kropp og sinn og som kan kjenne ei lengt etter å få kvile. Å komme til Jesus vil seie å oppsøke han, anten i eit kyrkjerom eller på eit svaberg. Jesus seier: «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt og mi bør er lett. (Matt 11, 28-30).

Alt som har med Gud og Jesus å gjøre er mystisk. Det kan me ikkje forstå. Men me kan ta det til oss og undersøkje litt om det kanskje kan gje kvile inn i noko som er godt.

Eg håpar for deg i sommar at du kan ta deg tid innimellom, til å opne sansar og hjarte til noko som er større enn deg sjølv – og la det som skjer, skje – og sjå om det kan gjøre deg litt godt.

God sommar!

Astrid Bondevik
Sokneprest i Stedje og Fjærland

HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå våre nettsider, www.sogndal.kyrkjja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalender med dei neste fire stoffristane.

For 2025 er det planlagt desse utgåvene:

Haust – Frist: 22. august
Jul – Frist: 17. oktober

Kyrkjelydstur onsdag 27. august

TIL STALHEIM-MYRKDALEN-HELGATUN

Onsdag 27. august vil vi ynskje velkommen til bussstur i regi av kyrkjelydane i Sogndal!

- Frammøte ved Sogndal skysstasjon kl.08.30. Avreise kl.08.45. Retur ca. kl. 17.30
- Påmeldingsfrist til kyrkjekontoret innan 20.august

Turen er ei rundreise der vi via Lærdalstunnelen og Gudvangen kjem til Stalheim museum for lunsj og omvising. På Oppheim stanser vi ved Per Sivles «Mor si grav», før vi kører opp Myrkdalen. På Helgatun fjell-pensionat har vi bestilt middag og dessert, og her har vi eit godt stopp før vi tek turen over vakre Vikafjellet på vegen heim att.

Turen kostar kr. 600,- pr. person. I denne prisen er reisa, lunsj, middag og dessert inkludert. Du kan betale på bussen eller på Vipps: 512003 [Stedje sokneråd].

Påmelding til kyrkjekontoret: tlf. 57 67 99 85 eller e-post: post.sogndal@kyrkja.no. Ved påmelding må du sei frå om det er noko vi spesielt skal ta omsyn til med tanke på mat. Turdeltakarane må i størst mogleg grad kunne gå inn og ut av bussen eit par gonger på turen, samt gå korte avstandar. Rullator kan nyttast.

Ta med deg ei lita tursekk med det du treng: kle, vatn, og noko ekstra å ete undervegs.

Ta gjerne med noko kjekt og fint som du vil dele med dei andre på turen, anten det er vitsar, dikt eller liknande.



Foto: Indremisjonsskipnaden

Du finn informasjon om turen på kyrkja si heimeside: www.sogndal.kyrkja.no, i tillegg til kyrkja si side på Facebook og Instagram.

Stedje sokneråd har motteke støtte frå Christine Leighs convalescent hjem (legat) til arbeidet med kyrkjelydstur.

Har du spørsmål som gjeld turen, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

Gitte Therkelsen Torstad,
Tekst

Kyrkjelydstur for Balestrand sokn
Helga 29.-31. august 2025 reiser Balestrand kyrkjelyd til Alværa misjonssenter ved Lavik.

Velkommen til samlingar for store og små. Alværa er ein triveleg stad med eit spennande

uteområde. Vi startar med taco fredag kveld og avsluttar med sporleik og kyrkjekaffi søndag. Med oss har vi tidlegare misjonær i Kamerun, Mona Rosvold, sokneprest og tidlegare misjonær i Japan Runar Matsui-Li og trusopplærar Magni Åm Risa med fleire.

Prisar: 1450,- for vaksne, 850,- for born. Familierabatt for foreldre m/ born: maks 3900,- per familie. Ta med noko til kaffien: kake, frukt eller liknande.

Påmelding til soknerådsleiar Kristin Eilifsen tlf. 909 10 284 snarast, seinast 20. august.

Nytt frå fellesrådet



Stavkyrkja er ferdig tjørebreidd, og arbeidet med ny kyrkjestove på Kaupanger nærmar seg slutten. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Kaupanger stavkyrkje

I tre år har det vore forsøkt å få tjørebreidd Kaupanger stavkyrkje utan at dette lukkast. Heile kyrkja trengde sårt behandling då det er fleire år sidan dette har vorte gjort. Det er difor gledeleg å kunne melde at stavkyrkja no er ferdig tjørebreidd, og at heile arbeidet vart gjort på rekordtid. Me vil takke målarmeister Eilert og Edvin Holme AS for godt utført arbeid, og for at dei kunne snu seg rundt på kort tid når været vart lagleg til tjørebreiing.

Nybygga på Kaupanger er på det nærmeste ferdig når du får dette bladet i hendene. Dette har vore svært etterlengta å få på plass, og endeleg står bygga der! Etter ein lang og omstendeleig prosess kan me stolt vise fram og ta i bruk den nye kyrkjestova. Her er det både ein liten forsamlingssal, kjøkken, toalett og børerom. Dette vil gjere forholda på Kaupanger langt betre både for alle kyrkjegjengjarar og for dei tilsette. Me ser fram til å få ta bygga skikkeleg i bruk, og planlegg ei markering med opning av bygga til hausten.

Ølmheim kyrkje

Ølmheim kyrkje vil få mykje etterlengta vedlikehald denne sommaren. Først vart kyrkjeorgelet renovera i mai. Orgelmakerij Steendam frå Nederland

har stått for arbeidet. Alle piper har vorte reingjort, orgelhuset bygd litt om, og til slutt vart orgelet omintonert og stemt. Orgelet vart bygd av Norsk Orgel- harmoniumfabrikk AS i 1961, og etter meir enn 60 år var det på tide at orgelet fekk litt ekstra vedlikehald og reingjering. Dette vil også gjere orgelet betre rusta for åra som kjem.

Ølmheim kyrkje og bårehus skal også målast denne sommaren. Det siste året har ein skifta ut ein del rote og skada treverk, slik at det no er klart for måling. Kyrkja er frå 1863 og har tålt tidas tann bra, men treng som alt anna litt stell innimellom. Litt måling må til skal den stå fram som perla den vart omtala som i songen som vart skiven til 150 årsjubileet – «Ei perle vakkert skin».

Vindauga treng også vedlikehald, og det er eit møyssommeleg og tidkrevjande arbeid. Dette arbeidet vil også starte opp i sommar. Det vil ta litt tid før alle vindauge er tekne, men alt skal bli gjort så raskt det let seg gjere. Dei fleste vindauge vil bli tekne ut og restaurert på ein verkstad, og ein vil ta dei ut i grupper. Når vindauge er ute vil det bli satt inn plater som dekkjer opninga midlertidig, slik at bygget vil vere tett medan arbeidet pågår.



Orgelet i Ølmheim kyrkje vart i mai renovert av Orgelmakerij Steendam. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Balestrand

Etter å ha vore tilsett som vikar sidan januar vart Volodymyr Nikolashchenko fast tilsett som kyrkjetenar i Balestrand sokn frå midten av april. Volodymyr, eller Våva som han blir kalla, kjem frå Ukraina og er busett i Balestrand saman med familien sin. Han driv også frisørsalong i bygda. Me vil ynskje Våva hjarteleg velkommen som tilsett i kyrkja og håpar han vil trivast!

Kyrkjeorgelet i Tjugum er frå 1905 og er vurdert å ha stor verneverdi. Det er også stort behov for restaurering av orgelet, og det er under planlegging eit større arbeid med dette og med ombygging av galleriet. Det er nedsett ein orgelkomité som arbeider med ein plan for restaureringa, og Hallgeir Øgaard Westli er engasjert som orgelkonsulent. Dette er eit stort prosjekt som vil ta tid og er ikkje venta ferdigstilt før i 2029.

Konfirmasjon og kyrkjejubileum

I skrivande stund er det konfirmasjonar som har fokuset her på kyrkjekontoret. Heile 12 konfirmasjonsgudstenester har vore heldt, og 115 har vore konfirerte. Det er eit vakkert vårteikn å sjå alle ungdomane våre i sin finaste stas. I tillegg er det flotte og kjekke ungdomar, som både er god nok og bra nok – som Anita Instefjord song til dei i nokre av konfirmasjonsgudstenestene.

Så sjå, du høyrer med!
For du har både vett nok
Mot nok og ro nok
Og du er både bra nok
Sterk nok og god nok
Du er den blomen du skulle vera
Kom med dine draumar, kom med di tru
For ingen er som du

(tekst: Ingebjørg Bratland)

I tillegg har det vore konfirmantjubileum for dei som vart konfirmert for 50 år sidan, og det håpar me vart eit fint møte der fleire kanskje ikkje har treft kvarandre så ofte.

Ikkje minst var det også høgtidsgudsteneste i samband med 750-årsjubileet for Kvamsøy kyrkje på pinsedag. Då var biskop Ragnhild Jepsen tilstades, og det var eit rikt program gjennom heile helga. Det kjem meir om dette i neste nummer av kyrkjelydsbladet.

Til slutt vil me ynskje dykk ein god sommar!

*Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje*



Kvamsøy kyrkje feira 750-årsjubileum i pinsa. Foto: Per Storemyr, Fabrica

Det vi har sett og høyrt



Gateevangelisering saman med Studentlaget (EUS)

For andre år på rad fekk eg med meg ein liten gjeng ut i den store verda i vinterferien. I år gjekk turen til Novi Sad i Serbia der vi samarbeidde med lokale kyrkjelydar, studentorganisasjonen EUS og Pro-Life Serbia. I regi av Ungdom i Oppdrag og saman med ungdommar frå heile verda fekk vi delta i lovesong, kulturutveksling, gateevangelisering, arbeid blant romfolket, heimebesøk, gruppe for unge mødrer, studentarbeid, bibelstudium på eit kyrkleig drive rehabiliteringssenter og matutdeling til heimlause. I fellesskap og i mindre grupper bad vi for landet, byen og folket. I tillegg arrangerte vi Kulturfestivalar, Studentkveldar, Grill-ein-kristen, Damekveld, Lovsongskveld og Familiedag. Vi hadde også eit eige «byggteam» med oss som hjelpte til praktisk.

Det vi har sett og høyrt, forkynner vi òg for dykk, så de skal ha fellesskap med oss, vi som har fellesskap med Far og med hans Son, Jesus Kristus. Og dette skriv vi så gleda vår skal vera fullkommen (1. Joh. 1, 3-4).

Visjonen for turen er fleirsidig: spreie evangeliet, oppmuntre og støtte kristne i andre delar av Europa



Mellomlanding i Frankfurt for sognegjengen



Variert undervisning på Familiedagen



«Grill ein kristen»: Panelet fekk mange spennande spørsmål om kristen tru



Studentkveld med mat, andakt og leik



Besøk hos to unge mødre i Pro-Life programmet



Besøk og utdeling av leiker blant romfolket

samt utfordre og utruste til teneste. Sjølv om storparten av dei tilreisande var ungdom, varierte alderen frå 0 til 75 år, så her kan heile familien vere med! Det er fantastisk å få dele vidare det gode vi har fått – både åndeleg og materielt.

I haust startar ein nasjonal kampanje der målet er å sende team frå Noreg til alle land i verda i løpet av 1 år. Her deltek mange ulike lag og organisasjonar. I mars møtte eg leiarar for evangelisk familiearbeit i Europa på ein konferanse i Durres, Albania. Dei rapporterer om mykje spennande som skjer og mange behov og ønske om besøk blant anna i Ukraina, Romania, Albania og Makedonia. Det vert

garantert fleire turar for min del! Kanskje du vil vere med? Påmeldinga er allereie klar for ny Serbiatur i veke 8 i 2026. Be Gud vise deg kva du kan bidra med. Ynskjer du å bidra økonomisk til at fleire kan reise, er det mogeleg å vippse til # 81907 (Fellesrådet – misjonsprosjekt – ungdom).



Er du interessert eller har spørsmål, ikkje nøl med å ta kontakt.

Magni Åm Risa, mobil: 466 97 476
Kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon


Orgelet i Tjugum klar for restaurering

I år er det 120 år sidan Tjugum kyrkje fekk orgelet som står i kyrkja. Det vart bygd av Olsen & Jørgensen i Kristiania, ein orgelbyggjar som fekk definere norsk orgelkultur i meir enn 100 år. Frå oppstarten i 1876, då under namnet August Nilsens Orgelfabrik og til dei avvikla drifta som J. H. Jørgensen Orgelfabrik på slutten av 1980-talet, bygde dei over 1000 orgel til norske kyrkjer. Fleire av dei kom til kyrkjer i Sogn.

For 10 år sidan var eg nett flytta til Sogn, og eg skulle ha mitt første vikaroppdrag i Balestrand. Eg undersøkte med nokre organistar i området kva instrument som var i kyrkja, og eg blei åtvara om eit surt og ustabilt instrument, som nok burde vore skifta ut for lengst.

Det er inga tvil; tida har absolutt satt sitt preg på orgelet i Tjugum. I mange år har det vore surt, fleire tonar er stumme, belgen er sprukken fleire stader for å nemna noko. Men; det er òg eit kvalitetsinstrument som fortener å bli tatt vare på, restaurert og brukt i framtida også.

Olsen & Jørgensen var kjend for høg kvalitet på sine instrument, både på byggekvalitet og klangkvalitet. Det var gjennomført høg kvalitet på mekanikken, vindladene som pipene står på, og klangen i deira orgel står ikkje tilbake for klangen hos dei fremste orgelbyggjarane i Europa i denne perioden.



Orgelet i Tjugum vart bygd av Olsen & Jørgensen i 1905.
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Mange kyrkjer i Noreg fekk instrument frå O&J i tida fram mot 2. verdskrig, mellom anna fleire kyrkjer i Sogn; Tjugum (1905), Stedje (1911), Leikanger (1913) og Vangen kyrkje i Aurland (1926). Orgela i Tjugum, Stedje og Leikanger var nokså like i teknisk utforming, og relativt like i størrelse, 10-12 stemmer, sjølv om dei var ulike i stemmesamansetning. Alle desse tre instrumenta hadde det vi kallar for «mekanisk kjeglelade», medan Vangen kyrkje var noko større (25 stemmer) og blei utforma med «pneumatisk kjeglelade».

Etter 2. verdskrig, og særleg på 1960- og 70-talet, fekk vi ein periode der mykje skulle skiftast ut. Dette førte til at mange gode orgel, som nok kunne vore restaurert, var skifta ut med nye instrument. Mellom anna vart orgela i Stedje og Leikanger skifta ut i høvesvis 1967 og 1981, og dermed vart Tjugum-orgelet sine yngre «søsken» tapt. Orgela i Tjugum og Aurland står framleis, og er så å seie uendra frå dei vart bygde.

Ombygginga av kyrkja

På slutten av 1930-talet, vart Tjugum kyrkje utvida. I samband med dette fekk orgelet ny passering rett under vindaugen i vest.

Fram til utvidinga, hadde kyrkjerommet vore tilnærma åttekanta, og galleriet var trukke meir inn i kyrkjerommet enn i dag. Ytterst gjekk galleriet langs fem av dei åtte sidene på kyrkjerommet, mellom anna framføre vindauga i nord og sør. Gallerikanten mot kyrkjerommet, gjekk langs søylene. I vest stod orgelet, ganske nære gallerikanten. Det var eit lite våpenhus i kyrkja, med trapperom bak orgelet. Orgelet hadde den gong vegg mot vest og tak over seg.

Ved ombygginga, vart våpenhuset trukke lengre mot vest, og kyrkjerommet vart tilsvarande større. Galleriet vart tatt vekk framfør nord- og

sørvindauga, og gallerikanten vart trukke 1-2 meter tilbake i vestenden.

I overgangen mellom nytt og gammalt våpenhus, fekk galleriet auka takhøgde i vest, ca 1,5-2 meter høgare enn resten av galleriet. Det blei og laga eit sirkulært vindu i vest.

Orgelet fekk sin nye plassering heilt i vest, rett under vindaugen. Dette var svært uheldig for instrumentet: På ettermiddagane skin sola direkte inn i orgelet, og særlig om sommaren kan det bli svært varmt. Piper og andre delar av orgelet er sårbare for endringar i temperatur og luftfuktigkeit, og store skilnader gjer at det fort blir surt. I tillegg er ein del metallpiper laga av ei legering av bly og tinn, som begge er mjuke



Spelepulten til orgelet. Orgelet har ti stemmer.

Foto: Hallgeir Øgaard Westli



Etter ombygginga i 1940, fekk orgelet ny plassering under vindaugen i vest. Her skin sola inn kvar ettermiddag.

Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Ynskjer du å gje eit bidrag til restaureringa av orgelet i Tjugum kyrkje?

Vipps: #137665 (Balestrand sokn)
– vel «6. Orgel Tjugum – restaurering»

Takk for ditt bidrag!

metall. Det tyder at dei har eit lavt smeltepunkt. Sterkt og varmt sollys kan då føre til deformering av desse pipene.

I tillegg til problema sola har ført med seg, førte veggen over det gamle galleritaket at klangen frå orgelet og ned i kyrkja vart noko blokkert, slik at orgelet ikkje har fått dei tilhøva det burde hatt.

Vegen mot restaurering

Då eg første gong spelte på instrumentet, forstod eg kva dei organistane eg hadde snakka med meinte; det var surt, det var mange stumme tonar, og til dels utfordrande å spele på. Men det hadde, og har, sine fine sider, med gode klangar, og eit stort potensial for å få tilbake den fine klangen det hadde då det var nytt.


Ein rapport frå kantorane i samband med samanslåinga av fellesråda i Sogndal, Leikanger og Balestrand i 2019/2020, fekk løfta fram orgelet i Tjugum med ei anbefaling om restaurering.

Fem år seinare er underteikna engasjert som konsulent for prosjektet, ein orgelkomité godt i gang med å jobbe for å få orgelet restaurert, få tilbake den fine klangen, og gjere tilhøva for orgelet og organistar betre: Orgelet skal flyttast så langt fram mot gallerikanten som mogleg, for at det skal få klinge betre ut i kyrkjerommet. Orgelet skal også få sidevegger og tak der det trengs, for å skjerme orgelet mot sollys, og sørge for at klangen ikkje forsvinn opp i taket over bakre del av våpenhuset.

For sjølv om orgelet er surt, det er stumme piper, belgen er sprukken og orgelet på mange vis er «så som så», så er det fullt mogleg å redde instrumentet. Dei siste 85 åra har orgelet stått på ein plass med direkte sollys, men orgelet er, trass i alle dei manglar som er, framleis spelbart. Dette viser for meg kor høg kvalitet det er i Olsen & Jørgensen sitt arbeid.


Kyrkjebevaringsfond

Ei restaurering kostar naturlegvis pengar, og er pr



Grunnplan på galleriet før Lindstrøm sin ombygging.

Kjelde: Byarkivet i Bergen



Grunnplan på galleriet etter Lindstrøm si ombygging.

Kjelde: Byarkivet i Bergen

2025 berekna til å koste om lag 1.7-1.8 millionar kroner, inkludert naudsynte endringar på galleriet. Fram til for eit par år sidan, verka det vanskeleg å få på plass desse midlane.

Så vart Kyrkjebevaringsfondet oppretta; eit fond oppretta av regjeringa i 2023, der formålet er å setje i stand og bevare bevaringsverdige kyrkjer og interiør. I dei prosjekta som får midlar frå fondet, vert forprosjekt (planlegging etc) dekka fullt ut, medan hovudprosjekt (gjennomføring) vert finansiert 50%. Fram til nyleg var det usikkert om fondet også ville dekke restaurering av verne-verdige instrument som eigne prosjekt, men dette har no vore prøvd, og fleire orgelrestaureringar har fått finansiering på 50% frå Kyrkjebevaringsfondet.

For Tjugum sin del, tyder det at det – gitt at det er eit 120-år gammalt uendra instrument – er høg sannsynlighet for at restaureringa vil kunne få midlar frå Kyrkjebevaringsfondet. I dette prosjektet utgjer det om lag 800-900.000,- frå fondet.

Vi treng di hjelp – og vegen vidare

Fellesrådet og soknet må dekkje resten av restaureringa, og ei innsamling av midlar er allereie godt i gang lokalt i Balestrand. Vi treng imidlertid meir for å kunne få restaurert orgelet i Tjugum, og vi håpar at mange vil vere med å bidra til å redde orgelet i Tjugum og få det restaurert. Sjå faktaboks for korleis du kan støtte dette prosjektet.

Målet er å få lyst ut restaureringa i marknaden på byrjinga av 2027, slik at orgelet vonleg kan stå ferdig restaurert mot 2029/2030. Med godt vedlikehald og gode tilhøve vil orgelet då vere klart for å stå i nye 120 år, og kanskje endå lenger.

Hallgeir Øgaard Westli
Orgelkonsulent

DISPOSISJON, TJUGUM KYRKJE

I. MANUAL

1. Principal 8'
2. Gambe 8'
3. Rørfløite 8'
4. Oktav 4'
5. Waldfløite 2'

II. MANUAL

6. Geigenprincipal 8'
7. Salicional 8'
8. Lieblich-Gedackt 8'
9. Fløite 4'

PEDAL

10. Subbass 16'
11. Cello 8'

Glimt frå Fjærland

Førjulskos i Fjærland kirke

12. desember var det juleverksted i Fjærland kirke. Birte leste bok for oss før vi lagde juletrepnyt, kort, fargelagte, lekte leker, pyntet juletre og avsluttet med vafler til kvelds. Det ble en fin kveld for store og små og kirken ble pyntet klar til jul.

15.desember var julestemningen til å ta å føle på når den årlige julekonserten gikk av stabelen. Takk til alle som var med å bidro. Det er fint å ha så gode musikalske gener i Fjærland.

Påskeverksted 3. april

3. april hadde vi påskesamling med påskeverksted i kirken i Fjærland. En veldig hyggelig sammenkomst med engasjerte barn.



Foto: Grete Mundal, Jan Tore Solberg



Foto: Marit Henningsen



Foto: Marit Henningsen

STILLE KVELD I STEDJE KYRKJE

Me lever i ei travel tid, det er mange inntrykk og mykje som både skal fordøyast og presterast på ulike område. Då kan det vera godt å komma til kyrkjerommet, få tid til å roa ned og sitja litt å kvila i eit møte med det heilage i kyrkjerommet. Dette er utgangspunktet for «Stille kveld».

Me syng fire salmar, ber tidebøn og er stille i 10 minuttar, der kan du sitja i eigne tankar eller berre vera i stilla, i bøn, eller kanskje kveikja ljós i lysgloben. Du kan også sitja for deg sjølv

utan å ta del i salmane eller tidebøna og berre kvila i kyrkja.

«Stille kveld» begynner kl 19.00 og varer i 35-40 minuttar.

Datoane for hausten er:

- 10. september
- 8. oktober
- 12. november
- 10. desember

GÅR DU I 4.–7. KLASSE, OG VIL SYNGE MED ATLE PETTERSEN?

Tysdag 9. desember vert det konsert i Stedje kyrkje med Atle Pettersen. I samband med dette skipar vi til eit prosjektkor som skal syng med han på nokre sangar.

Koret vil passe for born i aldersgruppa 4.–7. klasse, og vi vil øve annankvar veke, truleg torsdagar, frå september. Vi vil ha meir informasjon tilgjengeleleg i løpet av august.

Følg med på nettsidene våre og sosiale medier for informasjon når dette er på plass.

Er du nysgjerrig og kan tenkje deg å vere med, ta kontakt med Hallgeir Øgaard Westli – tlf. 94 00 38 34 eller epost hw862@kyrkja.no

KONSERT MED ROAR ENGELBERG OG STEIN-ERIK OLSEN I LEIKANGER KYRKJE

Onsdag 22. oktober vert det konsert i Leikanger kyrkje med Roar Engelberg (panfløyte) og Stein-Erik Olsen (gitar). Sett av datoен no, og følg med på våre nettsider for informasjon om tidspunkt og kjøp av billettar.

KONSERT MED PIANISTEN RUNE ALVER I STEDJE KYRKJE

I løpet av november vert det konsert i Stedje kyrkje med pianisten Rune Alver. Følg med på våre nettsider og sosiale medier for informasjon om tidspunkt og kjøp av billettar.

KONSERT MED IVER KLEIVE OG KNUT REIERSRUD I STEDJE KYRKJE 26. OKTOBER

Søndag 26. oktober vert det konsert i Stedje kyrkje med duoen Knut Reiersrud (gitarer) og Iver Kleive (orgel). Sett av datoen allereie no, og følg med på våre nettsider for informasjon om tidspunkt og kjøp av billettar.



Foto: Kristin Ma Berg

JUBILEUMSKONSERT FOR KAUPANGER BYGDAKOR


Søndag 19. oktober vert det jubileumskonsert for Kaupanger bygdakor i Stedje kyrkje. Meir informasjon om denne konserten vil kome på nettsidene våre over sommaren.



Barnas

36 • 1

35 • _____ • 2



PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?




Teikning: TREVOR KEEN



KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



– Doktor, eg trur eg treng briller.
– Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar

Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.




Sondagsskolen – mer enn du tror

Trusopplæring i Balestrand sokn sommar og høst 2025

Alle som startar
i 1. klasse
høsten 2025,
sjå her! De
er inviterte til
6-årssamling
i Kyrkjestova
onsdag 20.

august og guds-
teneste i Tjugum
med utdeling av Barnebibel **søndag**
24. august. Invitasjon kjem i posten
i løpet av ferien.



**Velkommen på
Nestenåring
(5.-8. klasse)** til
leik, under-
vising, mat, spel
og samtale.
Vi samlast på
**Bedehuset kl.
18-20 ein fredag**
i månaden.

Første samling
etter sommaren er 22. august. Då er
5.-klassingane særskilt inviterte og
får Teikneseriebibelen i gåve.




Babysong/småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til song og
prat på Helsestasjonen
måndagar kl 11-12.30. Vi
startar opp igjen 1. sep-
tember. Følg elles med
på Facebook-gruppa
Balestrand babysong eller ta kontakt
med kyrkjelydspedagogen (466 97
476) om du er interessert eller har
spørsmål.



**Søndag 21. september er det
Hauktakkegudsteneste** i Tjugum.
Ta med heile familien og gjerne ei lita
skål eller korg med frukt, grønsaker,
blomar eller anna som borna kan
bere fram til altaret. Du som fyller
4 år i 2025 er spesielt velkomen og
vil få utdelt ei
fin 4-årsbok.
Du vil også bli
invitert til ei
lita samling
tidlegare same
veke.



I tillegg til trusopplæringstiltaka
arrangerer frivillige lag og orga-
nisasjoner mange gode og kjekke
aktivitetar for born og unge med
rom for å vekse i trua.

Velkommen på:

- **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)**
kl 17.00-18.30 onsdag i partals-
veker (hauktsemesteret)
- **KRIK (14-20 år)** kl 16.30-18 kvar
fredag
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna
vgs kl. 20 kvar torsdag

Alle som går på ungdomsskulen
er hjarteleg velkomne på
Samtalegruppe annakvar tysdag
kl. 20.00-21.30 heime hos familien
Risa i Fjærstad 42. Vi et saman,
pratar om liv og tru, utforskar
Bibelen, spelar spel og blir betre
kjende med Gud og kvarandre.
Første samling etter sommaren vert
2. september.



SommerTreff Sygna (13-16 år)

23.-27. juni

Går du på
ungdoms-
skulen eller i
7. klasse? Då
er du hjarte-
leg velkom-
men på Sommartreff i Balestrand.
Dette er ein leir med god undervising
og mange kjekke aktivitetar. For meir
informasjon og påmelding: sygna.no/meny/sommertreff. Har du spørsmål,
kontakt Marta: mleodo@nlm.no



Kontakt

Har du spørsmål eller innspel til
trusopplæringstiltaka i Balestrand,
ta kontakt med kyrkjelydspedagog

Magni Åm Risa
466 97 476
mr368@kyrkja.no

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.
Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Trusopplæring i Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sommar og høst 2025

Babysong for 0-åringar.

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Sesongen startar 27.8. (Kaupanger), 3.9. (Stedje), 4.9. (Leikanger). Sjå datoar på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



Småtrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag frå 21.8., på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, leik, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen.



Krølleklubben for 4 – 5 åringer (førskulebarn)

Me møtest for song, forteljing, velsigning og kveldsmat på Stedjetunet kvar tredje torsdag kl. 17.15-18.30. Datoar kjem på heimesida.

Følg med på heimesidene våre for meir info om alt!

www.sogndal.kyrkja.no/Born-og-unge

Kontakt

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltak vår? Ta kontakt med trusopplærarane våre.

Birte Husum (Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland)
947 98 799
bh278@kyrkja.no

6-åringane:

- **15. juni kl.12.00:** Blomstergudsteneste i Fjærland. Utdeling av 6-årsbok, blomster-plukking frå kl. 11.40, alle barn frå 4-12 er særskilt inviterte, og me byr på litt tårn-agentopplegg etter kyrkjekaffien.
- **Skulestartgudsteneste med utdeling av 6-årsbok**
 - 17.08. kl.11.00: Stedje kyrkje
 - 17.08. kl. 17.00: Leikanger kyrkje
 - 24.08. kl. 11.00: Kaupanger stavkyrkje. Det er også konfirmantpresentasjon i denne gudstenesta.

Norum sokn hadde utdeling før påske.

Om du ikkje fekk komme på påskefest for alle, kan du nytte høvet til å få boka på hausakkfesten i staden.

- Velkommen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di eller arbeidsheftet i 2024!



Foto: Anita Instefjord

4-åringane:

Det vert utdeling av fireårsboka på hausakkfestane:

- 21.09: Fjærland kyrkje kl. 11.00.
- 21.09: Kaupanger kyrkje kl. 17.00
- 28.09: Ølmheim kyrkje kl. 11.00
- 28.09: Stedje kyrkje kl. 17.00.
- 05.10: Leikanger kyrkje kl. 11.00 (Fruktbare dagar)

26. oktober i Stedje kyrkje kl.11.00: SPRELL LEVANDE gudsteneste for heile familien, med særskilt invitasjon og gave til 5-åringane.



Foto: Bente Leirdal Sleen

10-11 år: LYS VAKEN med kyrkjokino og pizzafest 8.-9. november.


Meir info kjem på nettsida.



Utdeling til 11-åringane: Teikneseriebibelen.

Me hadde utdeling av denne fine boka til 11-åringane i gudsstenester i februar.

Hadde du ikkje høve til å delta, er du hjarteleg velkommen innom Kyrkjekontoret på Stedjetunet for å hente deg ei bok.



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjøre:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg voksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idéar på ting me kan gjøre for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.



Foto: Bo Mathisen/Dnk

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkle i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.



post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpssekskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



**ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGN DAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefSEN



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE SAG
LIFTUTLEIGE
901 16 783

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI SOGNINGEN

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



LINDBAK

SGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:



GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriftfornying, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsgen-trafikkskule.no

**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**
KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

**EL-PROFFEN
JOSVANGER**

Din lokale elektrikar

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

RØYRLEGGJAR
ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



57 67 11 11

**SOGN
KJØLESERVICE**
sognkulde.no

dyreklinikken
• Sogndal AS
Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

**DET ER HÅP I
EIN DROPE VATN**

Nesten 800 millionar menneske lever framleis utan tilgang til rent vann i verda i dag, på grunn av terke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426

**KIRKENES
NØDHJELP**
octaliance

**KIWI mini
pris**

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

**KIRKENES
SOS**
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

06.04.2025 Oliver Tjugum

BALESTRAND - ST. OLAFS KYRKJE

09.05.2025 Runa Eidal Gjeraker (busett i Klokkarstua)

BALESTRAND - FJORDTUN OPPVEKSTSENTER

13.04.2025 Sara Bentsen

FJÆRLAND KYRKJE

09.02.2025 Kåre Solheim

21.04.2025 Vera Kvåle Slåtten (busett på Gol)

21.04.2025 Vilde Loftesnes Rørvik (busett i Sogndal)

KAUPANGER - KAUPANGER BEDEHUS

02.03.2025 Thale Bjørkum

02.03.2025 Elina Hillestad Ylvisåker

KAUPANGER - KAUPANGER STAVKYRKJE

10.05.2025 Solveig Molland (busett i Sogndal)

10.05.2025 Ina Pellegrino-Husabø (busett på Leikanger)

LEIKANGER KYRKJE

09.03.2025 Frida Kjelsaas Husabø

09.03.2025 Max Fridtun Marifjæren

09.03.2025 Mio Fridtun Marifjæren

09.03.2025 Odin Stennes

23.03.2025 Kamilla Årskog-Langvad (busett i Sogndal)

23.03.2025 Aurora Nedrehagen Kvam (busett i Sogndal)

20.04.2025 Tiril Aasen Eikenes (busett i Lillehammer)

11.05.2025 Eva Krogsæter

11.05.2025 Hedda Kvalen Strand

11.05.2025 Henrik Wathne Borlaug

11.05.2025 Sverre Røysum Svanevik

NORUM - ØLMHEIM KYRKJE

17.04.2025 Synne Nornes Høyland

STEDJE KYRKJE

16.02.2025 Erika Linde Tysse

16.02.2025 Tilia Evelyn Støylen Fureli

02.03.2025 Lotte Solbakken Birkelund

16.03.2025 Aurora Jahren Vee

16.03.2025 Lavrans Venes Hjellhaug

30.03.2025 Matilde Lindstrøm Selseng

30.03.2025 Anna Fardal Hundere (busett på Hafslo)

30.03.2025 Elisa Bergum Espeland

30.03.2025 Arine Njåstad Turlid (busett på Kaupanger)

20.04.2025 Signe Lerum Fylling (busett på Kaupanger)

20.04.2025 Odin Olstad Hagen (busett på Kaupanger)

VIGDE

LEIKANGER KYRKJE

18.04.2025 Cato Stegen Aspeseter & Nadja Forthun
(busett på Kaupanger)

STEDJE KYRKJE

26.04.2025 Heidi Raae Stedje & Jan Vidar Årskaug

GRAVLAGDE

BALESTRAND - TJUGUM

25.03.2025 Bjarne Våge (Bisetjing) f.1941
20.05.2025 Anders K. Thue (Bisetjing) f.1936

LEIKANGER

07.03.2025 Marit Olaug Husabø f.1939
21.03.2025 Liv-Wenche Hjelmeland f.1954
09.04.2025 Anders Anderssen* f.1930
09.05.2025 Wenche Monsen Lunden f.1946
13.05.2025 Arne Lien* f.1951
15.05.2025 Jens Bjarne Henjum f.1951

* sett ned på Husabø gravplass

NORUM - ØLMHEIM

04.03.2025 Magne Melås f.1932
11.04.2025 Kjell Ludvig Nondal f.1941
15.04.2025 Marit Hovland Buvik (Bisetjing) f.1941
25.04.2025 Åshild Øyre f.1932

STEDJE

21.02.2025 Jorlaug Berit Husum f.1939
04.03.2025 Synneva Viken f.1946
14.03.2025 Heidi Solvoll Navarsete f.1962
21.03.2025 Olav Mikkelsen f.1934
21.03.2025 Olav Johannes Dvergedal f.1932
27.03.2025 Målfrid Mikkelsen (Bisetjing) f.1940
04.04.2025 Einar Skjeldestad f.1951
11.04.2025 Otto Andreas Rønneseth f.1947
15.04.2025 Kjell Elvagjeng f.1935
16.04.2025 Gunnbjørg Kirsti Rørstadbotten f.1939
25.04.2025 Solveig Kari Myhrvold (Bisetjing) * f.1929
25.04.2025 Judith Lærum f.1950
29.04.2025 Arvid Stedje (Bisetjing) f.1948
15.05.2025 Dordi Marta Stenehjem (Bisetjing) f.1936
20.05.2025 Olav Johan Ness f.1932

* Bisetjing i Landås kyrkje 10.10.2024. Sett ned på Stedje kyrkjegard 25.04.2025

Velkommen til gudsteneste

Med etterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

JUNI

22. JUNI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stølsberg, Vetlefjorden kl. 11.00: Friluftsgudsteneste

29. JUNI

Leikanger sjukeheim kl. 11.00: Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

JULI

6. JULI

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Aboretet på Lunde/Dragsvik kl. 11.00: Friluftsgudsteneste

13. JULI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

20. JULI

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Jordal, Fjærland kl. 11.00: Friluftsgudsteneste

27. JULI

Fimreite kl. 11.00: Friluftsgudsteneste
Kvamsøy kl. 12.00: Olsokgudsteneste. Båtskyss frå kl.11.00

29. JULI – OLSOK

Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Olsokgudsteneste

AUGUST

3. AUGUST

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

10. AUGUST

Kyrkjelydshytta, Sogndalsdalen kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

17. AUGUST

Stedje kyrkje kl. 11.00: Skulestartsgudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 17.00: Skulestartsgudsteneste

24. AUGUST

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Skulestarts-gudsteneste m/konfirmantpresentasjon
Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og konfirmantjubileum
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og utdeling av 6-årsbok
Stedje kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste

31. AUGUST

Alværa misjonssenter, Lavik kl. 11.00: Gudsteneste i samband med kyrkjelydstur for Balestrand kyrkjelyd
Ølmheim kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

SEPTEMBER

7. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmant-presentasjon
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

14. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl. 15.00: Gudsteneste



Velkommen til gudsteneste

Med etterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

21. SEPTEMBER

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Hausttakkegudsteneste med utdeling av 4-årsbok

Kaupanger stavkyrkje kl. 17.00: Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

28. SEPTEMBER

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest m/utdeling av 4-årsbok

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Stedje kyrkje kl. 17.00: Hausttakkefest m/utdeling av 4-årsbok

OKTOBER

5. OKTOBER

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

12. OKTOBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Misjonsgudsteneste

19. OKTOBER

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

